



Arkivplan for skule og barnehage

Hausten 2023 vart Vigilo innført som Oppvekstadministrativt system for Sjustjerna kommunene med SSIKT som oppdragsgjevar. I januar 2024 gjekk Vanylven ut av samarbeidet med SSIKT, men fornya og beholdt kontrakten med Vigilo som eigen kommune. Vigilo tek hand om all dokumentasjon og sakshandsaming som krevst for god oppfølging av born og elevar i Vanylven. Frå barnet er 0 år og søker barnehageplass og fram til eleven går ut av 10. Klasse vil Vigilo vere systemet Vanylven nyttar. Vigilo er også kommunikasjonsløyisinga som vert brukt mellom skule /bhg og heim. Vigilo vil i august 2025 vere landets største administrasjonsløyising for 42% av alle elevar i Norge.

Frå 2019 og fram til innføringa av Vigilo har Vanylven nytta Acos websak+ som arkivsystem for alt som skal arkiverast av dokumentasjon i skule og barnehage. Før 2019 og tilbake til 2006 var det ePhorte som var arkivsystem for oppvekstsektoren og Vanylven kommune.

Vigilo har løyisingar i systemet for arkivering og difor vil det i overgangen vere slik at nokre dokument vil ligge i Vigilo og nokre i Acos websak+. Elevmappene og barnehagemappene i Acos websak+ vil etterkvart romme færre og færre dokument. Likevel er det ikkje pr i dag slik at all dokumentasjon kan produserast og arkiverast i Vigilo. Vi jobbar med å få på plass gode rutiner på dette. Uavhengig av dette vil det i enkelte tilfeller vere dokument som kjem tilsendt frå andre instansar utanfor kommunen. For eksempel flyttemelding og legeerklæring m.m. Desse dokumenta vil måtte skannast manuelt eller lagrast digitalt inn i Acos websak+. Då vil elevmappe/barnehagemappe verte oppretta etter behov.

Det er også lagt opp til at dokument kan lastast opp til Vigilo og inn i kvar enkelt elevmappe eller Tilretteleggingsmappe . Det fordrar at ein har eit nedlasta dokument tilgjengeleg på pc eller i Teamsområdet som ein kan laste opp. Det kan vere ei god løyising i staden for å skanne dokument inn i Acos, men pr i dag har vi ingen trygg kanal å skanne til pc eller Teamsområde, kun via skan til eigen e-post

I tabellane under har vi laga ei oversikt over kvar ein finn dei forskjellige dokumenta. For skuleåret 2023/2024 vil det naturleg nok vere ganske mykje som har blitt arkivert i Acos. Dette skuleåret må vi sjå på som ei overgangsperiode frå ei løyising til ei anna.

Det vil heilt sikkert dukke opp dokument som må føyast til planen etterkvart som bruken av Vigilo aukar. Kanskje må skjema endrast eller takast vekk. Det vil også kome eksterne dokument som vi ikkje har fått med på eksisterande plan. Det er vanskeleg å sjå føre seg alle type dokument frå eksterne etatar som kan kome for ettertida. Difor vil dette vere ei oversikt og ein plan som må redigerast undervegs. Dato for siste oppdatering vil stå i overskrifta.



Arkivplan skule	Malar som ligg klare i systemet			Eksterne dokument
VIGILO	<u>Elevmappe/Elevkort</u>	<u>Tilretteleggingsmappe</u>	ACOS/ Websak+	<u>Elevmappe/ Elevmappe PPT</u>
	Innskriving – vedtak om skuleplass	Enkeltvedtak om bortvisning		Skademelding elev
	Flyttemelding	Aktivitetsplan		Logopedrapport
	SNO Mal for kartleggingssamtale før skulestart	Enkeltvedtak om spesialundervisning		Sakkunnig vurdering PPT
	Vurderingar - halvårs og undervegs vurderingar	Individuell opplæringsplan IOP		Søknad om skuleskyss
	Fråvær	Årsrapport spesped		Legeerklæring
	Permisjonssøknad godkjent eller avslått	Melding til barnevernet		Samtykke til tverrfagleg samarbeid i Vanylven
	Møtereferat	Observasjon, logg for internt bruk		Søknad om permisjon elev
	Standpunktkarakterar	Pedagogisk skildring		Svar på søknad om permisjon
	Vitnemål	Referat samarbeidsmøte		Flyttemelding (inngåande)
	Eksterne dokument	Tilmelding PPT		
	Avtale om bruk av datautstyr	Varsel om nedsett karakter i orden og åtferd		
		Varsel om manglande grunnlag for vurdering		
		Enkeltvedtak SNO for språklege minoritetar		
		Førehandsvarsel § 2-8		



Arkivplan barnehage	Malar som ligg klare i systemet			Eksterne dokument
	<u>Barnemappe/ Barnekort</u>	<u>Tilrettelegging</u>		<u>Barnehagemappe</u>
VIGILO	Søknad om barnehageplass	Oppstart /tilvenning samtalemål	ACOS / Websak+	Samtykkeskjema ved overgang til skule
	Tilbod om barnehageplass	Foreldresamtale		Logopedrapport
	Søknad om endring av barnehageplass	Aktivitetsplan		Legeerklæring
	Svar på søknad om endring av plass	Logg til internt bruk Observasjon bhg		Skademelding
	Foreldresamtale ved oppstart tilvenning	Individuell utviklingsplan IUP		
	Møtereferat	Møtereferat		
	Søknad om redusert foreldrebetaling	Melding om behov for tiltak i bhg		
	Vedtak om redusert foreldrebetaling	Rapport for bruk av ressursar § 37		
	Avslag på søknad om redusert foreldrebetaling	Skjema for systematisk undersøking av miljøet rundt barnet		
	Oppseiing av barnehageplass	Enkeltvedtak		